



- Føresegner**
- § 1 Disse føresegnerne gjeld for det området som er vist med reguleringsgrense på plankartet.
- § 2 Området er regulert til følgende formål:
 Byggeområde
 Landbruksområde
 Fareområde
 Spesialområde
- § 3 BYGGOMRÅDE
 3.1 HYTTER
 a) Hytter skal plasseres som vist i plankartet og i samsvar med innmålt pel i terrenget. Pelen skal ligge inntil hytteveggene. I samband med byggeskild skal det utarbeides situasjonsplan i målestokk 1:500 som syner
 - Inngrepsfrie areal
 - plassering av bygg og anlegg
 - Intern veg og parkeringsareal
 Mindre justering av hytteplasseringa kan gjerast av Vinje kommune.
 b) For fritiliggande hytte skal bygd areal ikkje vera større enn 100 m² BYA. Bygget skal ha saltak med gesimshøgde på maksimalt 3.5 meter og maksimal monehøgde på 5.5 meter.
 Maksimal breidde på gavivegg skal vera 7 meter.
 c) På kvar hyttefelt kan det oppførast uthusbodfernske inntil 30 m² BYA knytt til hovudbusetnaden slik at byggs dannar eit tun. Uthuset skal byggast med saltak, største gesimshøgde på 3.0 meter og monehøgde på maksimalt 5.0 meter.
 d) Bygg skal setjast opp på ringmur. I hellende terreng kan det tillatast synleg mur på inntil 0.8 meter.
 e) Totalt bygd areal skal ikkje vera større enn 130 m² BYA på kvar tomt.
 Dersom tomta er særleg godt egna til oppføring av større bygg eller fleire einingar, kan ein søkje kommunen om dette.
 Søkjaren skal i slike høve legge fram profilleiningar, illustrasjonar, perspektivskissar og situasjonsplan som syner alle bygg på tomta saman med planlagde og evt. omkringliggende bygg, inngrepsfrie areal, intern veg og parkering.
 Kommunen kan fastsetje kva for dokumentasjon som er turvande for handsaming av byggeskild.
 f) Bygg skal best mogeleg underleggast naturpreget i området og ha ei enkel og god utforming. Det skal leggast avgjerande vekt på arkitektur, fargar og tilpassing i terrenget. Hytter skal leggast lågt i terrenget og skal innpassast eksisterande hytter i form og utslått. Måneretninga skal fylgje terrenget. Utvendige skal det nyttast trematerialar, lafta terrmer, stav eller kraftig, ståande kledding i mørke, miljøvenlege fargar.
 Innramming av vindauge og dører skal ha mørke og miljøvenlege fargar.
 g) I hytter og eventuelle uthusbodfernske skal det nyttast rektangulære vindauge med småruta glas.
 h) Taket skal utførast som saltak med takvinkel på 24 - 32 grader. Taket skal ha utsprang på minimum 40 cm og tekkast med torv.
 i) Eksisterande vegetasjon og terreng skal i størst mogeleg grad takast vare på. Felling av tre skal sjåe i samsvar med grunnlag.
 j) Det skal ikkje setjast opp gjerde eller flaggstenger i området, heller ikkje private parabolantennar. Dersom det ikkje vert bygd felles kabelanlegg, kan det setjast opp parabolantennar med same fargeval som hyttene.
 k) Mellom eventuelle verandapillarar må det gjerdast på grunn av sau m.v.
 l) Uteareal skal vera pussa og sådd til inn eit år etter at byggearbeidet er avslutta.
- 3.2 EKSISTERANDE HYTTER
 Føresegnerne pkt. 3.1 gjeld og for eksisterande hytter i helle planområdet.
- § 4 LANDBRUKSOMRÅDE
 Området skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift. Bygg knytt til slik drift kan oppførast i området etter godkjenning frå Vinje kommune.
- § 5 FAREOMRÅDE
 Det er ikkje høve til å setje opp bygg inntil regulert fareområde.
- § 6 SPESIALOMRÅDE
 6.1 PRIVAT VEG OG PARKERINGSPLASS
 Regulert privat veg skal nyttast som tilkomstveg til hytter og parkeringsplassar, til landbruks/skogsdrift og til kommunale oppgåver. Private vegar skal opparbeidast med breidde 3.5 m.
- 6.2 KOMMUNALTEKNISK VERKSEMD
 Område regulert til anlegg og drift av kommunalteknisk verksemd, skal nyttast til oppsetjing av renovasjonskonteinrar, andre turvande innretningar og aktivitetar knytt til kommunal renovasjonsordning og innretningar knytt til vass- og avlupsanlegg. Områda skal opparbeidast og vedlikehaldast av utbyggjar og stillast til disposisjon for kommunen/avfallselskap.
- § 7 ALMENNE FØRESEGNER
 7.1 VATN OG AVLUP
 All vassføring i regulert område skal vera frå godkjend vassverk.
 Alle bygningmasse med innlagt vatn skal knytast til godkjend avlupsanlegg.
 Eksisterande fritidsbusetnad får høve til å kople seg til felles vass- og avlupsnett.
 Hytter med låg sanitærteknisk standard som ikkje er kopla til felles VA-anlegg, har ikkje høve til å legge vatn inn i hyttene. Desse må nytte biologisk do og hente vatn frå oppsette vasspostar i området.
 Alle tekniske anlegg knytt til framføring av vatn og avlup skal opparbeidast i samsvar med godkjend VA-plan for området.
- 7.2 RENOVASJON
 Hushaldsavfall vert teke hand om av kommunen gjennom trungen kommunal renovasjonsordning.
 Hytteeigarar pliktar å levere avfall etter nærare tilvising frå kommunen.
- 7.3 STRAUMFORSYNING, FIBEROPTIKK O.L.
 Alle typer kablar skal leggast i grøfter i samsvar med leiingsplan for området.
- § 8 DISPENSASJON
 Planutvalet kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege unntak frå desse føresegnerne inntil ramma av Plan- og bygningslova.
- § 9 PRIVATRETTSLEGE AVTALER
 Etter at planen med tilhøyrande føresegner er vedteken, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med planen eller føresegnerne.

TEIKNFORKLARING
PLAN- OG BYGNINGSLOVA §25, REGULERINGSFORMÅL

BYGGJEOMRÅDE (§ 25, nr 1)	SPESIALOMRÅDE (§25, nr 6)
<ul style="list-style-type: none"> Område for fritidsbebyggelse 	<ul style="list-style-type: none"> Privat veg Område for anlegg og drift av kommunalteknisk verksemd
LANDBRUKSOMRÅDE (§ 25, nr 2)	
<ul style="list-style-type: none"> Jord/skog 	
STREKSMBOL M.V.	
<ul style="list-style-type: none"> Nye hytter Avgrensning av plan Grense for reguleringsformål 	<ul style="list-style-type: none"> Eksisterande bygg Eigedomsgrense Bekk

Kartgrunnlag: Teknisk kart N1000 Vinje Kommune
 Koordinatsystem: NGO Akse II
 Ekvidistans: 1meter
 Målestokk: 1 : 1500

REGULERINGSPLANEN MED TEIKNEN
 Date 200907
 PL # 07/99

RETTA TIL SAMSVAR VEDTAK I PLANUTVALET 22.09.07, SAK 07/99 (omgj. etterklage) 15.01.08 BH/MK

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

KUNNGJERING VEDR. REG. ARBEIDET	DATE	SIGN.
1. GONGS HANDSAMING I KOMMUNEN	05.07.08	
UTLEGGJING TIL OFFENTLEG ETTERSYN I TIDSROMET		
2. GONGS HANDSAMING I KOMMUNEN	22.08.08	JT
EVNT. ANNET OFFENTLEG ETTERSYN	30.08.08	
3. GONGS HANDSAMING I KOMMUNEN	22.09.08	
KOMMUNESTYRET SI TT VEDTAK		
STADFESTA AV:		

PLANEN ER UTARBEIDD AV:

HM RIT as v/Bjørn Hustveit 3890 Vinje	DATE	TEIKN	SAKSHAND.
	13.02.2006		

KARTBLAD:

REVISJONAR	DATO	SIGN.	REVISJONAR	DATO	SIGN.